

BrattvågNett

Årsmelding 2009

Styret har i 2009 vore samansett slik:

Geir Daugstad	leiar	*
Olav Gribbestad	nestleiar	
Sindre Vik	sekretær	*
Rodgeir Viken	styremedlem	*
Leif Sønderland	styremedlem	
Roger Sønderland	varamedlem	*
Ingunn Lyngved	varamedlem	*

Medlemmar med * er på val.

Det er halde 5 styremøte sidan siste årsmøte. Styremedlemmane har også (i noko varierende grad) delteke i eit antall dugnader i samband med vedlikehald og reparasjonar av kabelnettet.

Vi har m.a. utbetra område som Vesterheim, Synnaland og «Hauane» (området rundt Knutvegen). Vi har lagt om linjer, skifta kablar og koplingar og sett opp nye forsterkarar med linjemating.

Brattvåg Elektro fekk i juli i oppdrag å ta ein teknisk kontroll av heile kabelnettet. Ein førebels rapport kom til styret i februar 2010 og endeleg rapport er lovt innan utgangen av mars. Det er klart at det står att ein del utbetringar fleire stader.

Teknisk utstyr til oppgradering av sentralen til å formidle HD-sendingar var lovt frå Canal Digital med gjentekne utsetjingar i 2009. Utstyret er no endeleg kome til BN og Brattvåg Elektro har fått i oppdrag å montere og setje det i drift.

BN har i 2009 fått 18 nye medlemmar, 12 i avgang.


Rekneskapan er framlagd med eit resultat på 162 509 kr. Eigenkapitalen er 1 181 244 kr.


Brattvåg, 16. mars 2010


Geir Daugstad


Olav Gribbestad


Rodgeir Viken


Sindre Vik


Leif Sønderland